

# LEIARAVTALE

Mellom Herøy kommune og Trond Arne Aglen

## 1. Føremålet med avtalen

Leiaravtalen er ein del av arbeidsavtalen mellom kommunedirektør Trond Arne Aglen f. 17.11.1971 og Herøy kommune.

Avtalen skal vere grunnlag for dialog mellom politisk leiing og kommunedirektøren, og skal vere eit verkemiddel for at kommunen når sine mål for tenesteproduksjon, arbeidsmiljø og ressursbruk.

Arbeidsforholdet er regulert av arbeidsavtalen, Arbeidsmiljølova, Hovudtariffavtalen, andre sentrale og lokale avtalar, og reglement for tilsette i Herøy kommune.

## 2. Kommunen sine forventningar

- Herøy kommune sin visjon «Ei båtlengd føre», kommunen si verdiplattform, leiarplakaten og det etiske reglement skal prege heile organisasjonen
- Herøy kommune skal vere ein god leverandør av offentlege tenester, der innbyggjarane er i sentrum
- Herøy kommune skal vere ein velfungerande og helsefremjande arbeidsplass
- Herøy kommune skal legge til rette for næringslivsutvikling og ha eit tett samarbeid med næringslivet

## 3. Kommunedirektøren sitt ansvar

- Leie arbeidet med å realisere visjonen og verdigrunnlaget til kommune
- Leie arbeidet med å forankre og setje i verk politiske vedtak
- Leie arbeidet med å levere god kvalitet på tenestene
- Leie arbeidet med å vidareutvikle eit helsefremjande arbeidsmiljø
- Leie arbeidet med å ivareta og leie drifta innafor vedtekne økonomiske rammer

Det vert forventta at kommunedirektøren med jamne mellomrom legg fram økonomirapportar til formannskapet, slik at desse til ei kvar tid er oppdaterte på den økonomiske stoda.

## 4. Kommunen sitt ansvar

- Herøy kommune skal vere ein tydleg, synleg og forutseieleg arbeidsgjevar for kommunedirektøren, og gje aktiv støtte i utøvinga av mynde og leiarrolla
- Ordførar saman med varaordførar skal ha faste møte med kommunedirektøren, der ein mellom anna drøftar aktuelle saker.
- Ordførar er ansvarleg for at forhandlingsutvalet gjennomfører årleg utviklingssamtale med kommunedirektøren i forkant av lokale forhandlingar.

- Ordføraren skal bidra til eit tydeleg skilje mellom politikk og administrasjon i kommunen, men vere tidgjengeleg for råd, rettleiing og som samtalepartner for kommunedirektøren.

## 5. Indikator for måloppnåing/leiarvurdering

I løpet av mai månad skal det gjennomførast evaluerings- og utviklingssamtalar mellom forhandlingsutvalet og kommunedirektøren. Samtalane skal ta utgangspunkt i måloppnåing innan sentrale områder, der følgjande tema skal vere med:

- Herøy kommune som samfunnsutviklar
- Herøy kommune som arbeidsgjevar, der nærvær vil vere eit viktig element
- Herøy kommune sin tenesteproduksjon
- Herøy kommune sin økonomi og budsjett
- Herøy kommune som omdømebyggjar

Det skal utarbeidast klare kvantifiserbare mål, med tydelege vurderingskriterier som skal vere grunnlag for vurdering i grad av måloppnåing (målekort).

Ved behov for oppfølging, skal det lagast handlingsplanar med konkrete mål, aktivitetar og fristar. Dette skal evaluerast ved neste samtale.

## 6. Lønsutvikling

Løn for kommunedirektøren vert fastsett av Formannskapet etter innstilling frå forhandlingsutvalet knytt til det årlege lønsoppgjeret.

Den årlege lønssamtalen mellom kommunedirektøren og forhandlingsutvalet der ein vurderer måloppnåing basert på punkt 5 i avtalen, skal vere ein del av grunnlaget for lønsforhandlingane.

Arbeidsvilkår som elles kan ha betydning for lønsfastsettinga skal også drøftast med forhandlingsutvalet, dersom kommunedirektøren set fram ønske om dette.

## 7. Avskjed/oppseiing

Dersom kommunedirektøren skal verte avsett av kommunestyret i eiga sak, har han gjennom denne avtalen sakt frå seg oppseiingsvernet i Arbeidsmiljølova kap. 15. Ved oppseiing/avskjed av kommunestyre, har han rett til å behalde løna han hadde som kommunedirektør i inntil 12 månader. Utbetalingane vert avslutta dersom kommunedirektøren går inn i ny relevant stilling før perioden har gått ut.

Det skal lagast ein konkret avtale ved slik oppseiing/avskjed, der eventuelle restriksjonar om korleis ein omtalar kommunen eller arbeidstakar i etterkant skal vere ein del av avtalen. Det skal også avtalast korleis eventuell attest/tenestebevis for tida kommunedirektøren har arbeidd for Herøy kommune skal utformast.

## 8. Tidsramme

Leiaravtalen er gyldig så lenge tilsettinga varer. Avtalen kan reviderast i januar kvart år, dersom ein av partane bed om dette seinast ein månad på førehand.

Leiaravtalen har vore oppe til politisk handsaming og er godkjend av kommunestyret.  
Leiaravtalen er utferda i to eksemplar, ein til kommunedirektøren og ein til Herøy  
kommune.

Fosnavåg, *12.11.2020*

*Bjørn Prytz*  
for Herøy kommune  
Bjørn Halvor Prytz  
Ordførar



*Trond Arne Aglen*  
Trond Arne Aglen  
Kommunedirektør